



# Legitimiteten til saueneæringa er svekka

Forfatter

Maria B. Underdal, Privat

Hilde Buer, Privat

Sammendrag

Den høge bruken av kraftfôr i saueneæringa er bekymringsfull fordi det rokkar ved legitimiteten til næringa.

Publisert

2015

Referanse

Sau og Geit 2/2015

Utskriftsdato

31.07.2021 [www.fag.nsg.no](http://www.fag.nsg.no)

# Legitimiteten til sauenæringa er svekka



(Foto: Hilde Buer)

***Den høge bruken av kraftfôr i sauenæringa er bekymringsfull fordi det rokkar ved legitimiteten til næringa.***

Høgt kraftfôrforbruk har gjort at sauen no i stor grad legg beslag på gode jordbruksareal som kunne vore brukt til å produsere mat til menneskje direkte. I tillegg har dyrevelferd og kvalitet på kjøtet blitt ringare med auka kraftfôrforbruk. I denne artikkelen fortel me kort om dei viktigaste argumenta for ein auka utnytting av norske beiteressursar og dei viktigaste positive konsekvensane av dette.

## **Kylling versus sau**

Ifølge Bioforsk forbruker sau ved standard føring omtrent like mykje kraftfôr som kylling per kg kjøt. I tillegg et sauen gras. Dette betyr at kylling vert meir ressurseffektiv enn sau i Norge i dag. Dette sjølv om ein tek omsyn til at sauen lagar mat ut av areal som er

ueigna til anna matproduksjon. Dette er absurd, for Norge er eit land med enorme beiteressursar, men med lite jordbruksareal til å produsere kraftfôr. Me har ikkje areal til å drive med ein stor produksjon av kraftfôrbasert kjøt, så då burde ikkje sauen bli ein del av denne produksjonen.

## **Distrikta**

Sauen høyrer til i distrikta fordi det er der beiteressursane ligg. Legitimiteten til å drive med beitedyr i distrikta forsvinn når dei får mykje kraftfôr. Hovudargumentet for å drive med sau i distrikta er at ein skal utnytte utmarksbeitene og grasressursane betre, ikkje basere produksjonen på kraftfôr som er produsert på jordbruksareal i dei meir sentrale stroka.

## **Dyrevelferd**

Sauen er heller ikkje skapt for å ete mykje kraftfôr, han er drøvtyggjar og vil vere i best trivnad med å få gå ute på beite i så mange av årets dagar som

mogeleg. Sauen er skapt for å beite, for å bruke halve døgnet til å sanke fôr, plukke ørsmå sunne blad frå ei lita urt, leite etter nyspira gras under busk og kratt. Sauen er utruleg god på å finne akkurat rett balanse i føret sitt, så sant han får høve til det. Han veit kva som skal til for å holde seg sunn og frisk. Dessutan vil dyr som går vidt ikring i rike beiter få god fysisk helse og slik tole lamming og lammestell betre. Når vi krev maks produksjon av dyra våre, set vi dei i ein stressa og lite naturleg situasjon; dei må berre ete, har ikkje tid til noko anna, dei berre må ha i seg nok fôr for å klare maks avdrått. I dag er vi kome opp i eit mykje for høgt lammetal, med stort press på mordyra. Det er ikkje berre tungt å bere fram mange lam, men vanskeleg å fø dei fram også. Når bonden stadig må hjelpe til i lamming og lammestell får vi etterkvart sauer som ikkje kan klare dette på eiga hand lenger. Dessutan fører høgt kraftfôrforbruk til mange produksjonsrelatererte sjukdommar. Når

kraftfôret går opp, går produksjonen per dyr opp. Høg produksjon er krevjande for dyra. Dei vert oftare sjuke og må ha medisinar eller utrangerast tidleg. Gjennomsnittsalderen på norske sauer går stadig ned, medan vekta framleis går oppover. Tunge høgproduktive dyr er mindre eigna til å utnytte fjell- og utmarksbeiter.

### Sunnare kjøt

Det er problematisk om sauen vert mindre eigna til å utnytte beitet, for det er nettopp kjøt frå beite som er det sunnaste. Vi har lært at dei fleste av oss får i oss for mykje omega 6, i forhold til omega 3-feittsyrer i vanleg kosthald. Når ein fôrar lamma med kraftfôr, slik mange gjer for å få dei slaktemodne, får lammekjøtet eit uheldig høgare innhald av omega 6. Forskingsprosjektet «Arktisk lammekjøtt» (2011) viser at kjøt frå beitedyr som har gått på beite fram til slakt er sunnare enn kjøtt frå dyr som har vorte sluttførå med kraftfôr. Slakt rett frå beite gir signifikant høgare innhald av sunne langkjeda feittsyrer i blodet til forbrukaren. Lammekjøtt rett frå utmark har også meir antioksydantar. Sunt kjøtt basert på utmarksbeite i rein, norsk natur er der sauenæringa kan finne sitt konkurransefortrinn.

### Beitepotensialet

I Norge har me føresetnad for beitebruk. Og det ligg eit stort ubrukt potensial i utmarka. Førebels tal frå prosjektet «Arealrekneskap i utmark» syner at fôruttaket frå utmarka i Norge kan doblast. Me har derimot ikkje føresetnad for å produsere enorme mengder kraftfôr, for berre 3% av landarealet er jordbruksareal. Landbruk på norske ressursar betyr derfor meir og betre bruk av beiteressursane. Sauen kan lage mat av lyng og gras, medan Norge sitt jordbruksareal i hovudsak burde blitt brukt til å dyrke mat til menneskje og ikkje til dyr. Sauen burde ikkje vere med på å legge press på det vesle me har av jordbruksareal.

### Landbruk på norske ressursar

Det er stort press på landbruksareala i verda. Dette kan ein blant anna sjå på oppsvinget av landinvesteringar ein har sett dei siste åra. Etter matvarekrise i 2008 var det mange land som kjøpte opp eller langtidsleigde store landareal i andre land, mellom anna mange land



(Foto: Pascale Baudonnel)

i Afrika, for å sikre seg tilgang til mat. Dette var ikkje ubrukt land, noko som førte til at anskaffinga i mange tilfelle skjedde på kostnad av lokalbefolkninga. Det er ikkje berre matsikkerheit og landrettar som vert råka av dette presset. Gjennom vår auka import av soya frå Brasil til kraftfôr, legg me eit indirekte press på både regnskogen og den mindre kjende, men like verdifulle cerradoen (*Cerradoen er en tropisk savanne i Sør-Amerika, der mesteparten ligger i det indre av Brasil*). I ein usikker global matmarknad er det viktig med høg sjølvforsyning i Norge. Ikkje berre for å sikre vår eigen matsikkerheit, men fordi vi har eit ansvar for å produsere mat på dei ressursane me har. Det er viktig med god areal- og ressursbruk både i Norge og internasjonalt. Difor må norsk landbruk basere seg på norske ressursar og ikkje importert soya frå Brasil.

Det er mange gode grunnar for at ein må utnytte dei norske beiteressursane i større grad. Både med tanke på matsikkerheit, kvalitet, dyrevelferd og miljø. Legitimiteten til næringa er også tett knytt til desse verdiane. Det er dette som må danne fundamentet for næringa, ikkje berre mål om auka effektivitet per dyr.

Av Maria B. Underdal  
og Hilde Buer

### Kjelder:

- Bioforsk (2013). Effektive dyrkningssystemer for miljø og klima. Rapport, 8 (7). Henta 23.02.14 frå: [http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/107820/Bioforsk%20RAPPORT%208%20\(171\).pdf](http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/107820/Bioforsk%20RAPPORT%208%20(171).pdf)
- Bioforsk (2011). Arktisk lammekjøtt. Henta 23.02.14 frå: [http://www.bioforsk.no/ikbViewer/page/prosjekt/hovedtema?p\\_dimension\\_id=19681&p\\_menu\\_id=19690&p\\_sub\\_id=19682&p\\_dim2=19683](http://www.bioforsk.no/ikbViewer/page/prosjekt/hovedtema?p_dimension_id=19681&p_menu_id=19690&p_sub_id=19682&p_dim2=19683)
- Rekdal, Y. (2014). Mat kan produserast i utmark. Henta 23.02.14 frå: [http://www.skogoglandskap.no/nyheter/2014/mat\\_kan\\_produserast\\_i\\_utmark/newsitem](http://www.skogoglandskap.no/nyheter/2014/mat_kan_produserast_i_utmark/newsitem)
- McMichael, P. (2012). The land grab and corporate food regime restructuring. *The Journal of Peasant Studies*, 39 (3-4): 681-701, DOI: 10.1080/03066150.2012.661369. Henta 23.02.14 frå: <http://dx.doi.org/10.1080/03066150.2012.661369>